



Cathrine Sagebø Storaker

Bjørge 195

5993 OSTEREIDET

Referanser:

Dykker:

Vår: 16/3713 - 16/33839

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik

anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:

09.12.2016

## Registrert ikkje tilfredsstillande sikra slamavskiljar - gbnr 241/5 Bjørge

Lindås kommune har 25.11.2016 motteke melding frå føretaket Johny Birkeland Transport om at slamavskiljar på eigedomen gbnr 241/5 ikkje er tilfredsstillande sikra.

Det følgjer av plan- og bygningslova § 28-6 at «Basseng og brønn skal til enhver tid være sikret slik at personer hindres fra å falle i dem». Kravet her gjeld alle opne behaldarar for væske.

Det er eigar sitt ansvar å sørga for at septiktanken til ei kvar tid er sikra. Ein usikra eller dårlig sikra kum kan føra til at menneske eller dyr fell ned i kummen. Lakk på kum må vera utført i solide material og vere så tett at ikkje barn kan komme igjennom det, samt vere forsynt med forsvarlig lås eller annet stengsel, slik at det ikke lett kan løftes av eller skuvast til side

I plan- og bygningsloven (pbl) § 31-3 står det blant annet følgende om sikring og istandsetting:

«Eier eller den ansvarlige plikter å holde byggverk og installasjoner som omfattes av denne lov i en slik stand at det ikke oppstår fare for skade på, eller vesentlig ulempe for person, eiendom eller miljø, og slik at de ikke virker skjemmende i seg selv eller i forhold til omgivelsene. Blir plikten ikke overholdt, kan kommunen gi pålegg om sikring og istandsetting.»

**Septiktanken må sikrast umiddelbart og forsvarleg lokk må monterast. Frist for arbeidet vert sett til 06.01.2017.**

Forhåndsvarsel om pålegg om sikring og istandsetting:

I samsvar med pbl § 32-2 første ledd, vert det med dette gjeve varsel om at bygningsstyremakta med heimel i pbl § 31-3, vil kunne gjera vedtak om pålegg om sikring av slamavskiljaren ikkje vert utført innan fastsett frist.



### Førehandsvarsel om vedtak om tvangsmulkt

Om pålegg om retting ikkje vert etterkome, har bygningsstyresmakta høve til å fastsetje tvangsmulkt etter pbl. § 32-5. Vedtak om tvangsmulkt kan utferdast utan vidare varsel. Det vert orientert om at pålegg som ikkje vert etterkommen vil kunne følgjast opp med førelegg som kan få verknad som en rettskraftig dom, jf. pbl. § 32-6.

Kommunen har ingen opplysningar om avlaupsanlegget for eigedomen. Vi ber difor om tilbakemelding på kva avlaupsløsing eigedomen har (om utsleppet går til terreng, sandfilteranlegg eller anna) og kor tid anlegget vart etablert, før vi vurderer om det er naudsynt å setja ytterlegare krav om oppgradering av avlaupsanlegget.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å sikra slamavskiljaren, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Når det er montert forsvarleg lokk på slamavskiljaren må du fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen. Legg ved fotodokumentasjon som viser sikra tank.

- [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no) eller
- Lindas kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Istdalstø

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Skjema for tilbakemelding om utført arbeid på VA anlegg  
Melding om därleg lokk - gbnr 241/5 Bjørge  
bilete

### **Mottakarar:**

|                          |            |      |            |
|--------------------------|------------|------|------------|
| Cathrine Sagebø Storaker | Bjørge 195 | 5993 | OSTEREIDET |
| Remi André Harrison      | Bjørge 195 | 5993 | OSTEREIDET |